

# Referat kontaktmøte med bygdaråda

Møtet var i kommunestyresalen 7. mai 2025 kl 18.00-19.30. Ordføraren leia møtet.

**1 Presentasjon av [Vellenes fellesorganisasjon](#)** Heidi Søberg hadde ein presentasjon direkte via teams på storskjerm. Presentasjonen følger vedlagt.

Ordføraren opplyste om at å vere medlem i Vellenes fellesorganisasjon er viktig viss bygdaråda vil søke tilskot frå kommunen til leikeplass, her er meir info: <https://www.hjelmeland.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/tilskotsordningar/tilskot-leikeplassar/>

**2 Nytt frå kommunen.** Blant anna oppfølging av saker frå sist v/ordførar og kommunedirektør:

Kjelavik kommunale badeplass: Dette arbeider kommunen med framleis.

Infoskjermar i bygdane: Det blir sett opp fire skjermar på desse butikkane Joker Fister, Randøy Handel, Coop Årdal og Coop Jøsnefjorden. Bygdaråda på Jøsneset og Vormedalen kan koma med innspel om eventuell plassering av infoskjermer i desse to bygdane.

Kommunen arbeider med planar over vedlikehald av vegar, bygg og grøntområde.

Viss bygdaråda har grøntområde som dei vil ta ansvaret for å plante og luke så tilbyr kommunen blomsterløk.

[I mai skal politikarane behandla sakene om struktur innan oppvekst, framtidig organisering av pleie- og omsorgstenestene og kommuneplanen sin samfunnsdel.](#) Innspel frå bygdaråda kan sendast til kommunen før kommunestyremøtet den 22. mai.

Sykelrittet [Tour of Norway](#) går gjennom Årdal, Hjelmeland og Fister 31. mai. 31. mai kl 13.00 er det også [Tour of Norway for kids](#) sykkelløp for barn på Fister. Hjelmeland kommune har stand på Gladmat 27.-29. juni. Stor konsert i [Hjelmelandsvågen 19. juli med Odd Nordstoga](#).

**3 Nytt frå Bygdaråda.** Bygdaråda fortel kva dei arbeidar med:

**Jøsneset:** Godt år i 2024. Fantastisk når regner høljer ned og alle er glade på Smashing Jøsneset arrangementet sist sommar! Nye erfaring med meiningsmåling når det gjeld planar om nytt pukkverk på Jøsneset. Til sommaren er det nytt [Smashing Jøsneset 2. august](#) med tre band på scena! 10 år med dette store arrangementet. Elles mykje arbeid med tilpasning av ein gamal skule til å bli eit godt tenleg grendahus. Det blir arbeida med universell utforming av inngang til gymsalen. Stort løft økonomisk med innleige av Hjelmeland Bygg + dugnadsinnsats. Bra at kommunen sender ut saker på høyring til bygdaråda.

**Hjelmeland:** Godt år i 2024. Påskepub med godt resultat. Ganglemmar bore opp til tursti på Hjelmen. Arbeider med etablering av leikeplass på Sande, har snakka med grunneigar. Rydding.

**Randøy:** Arbeider mykje med å endre karakter på eit gamal skulebygg til å bli eit godt tenleg grendahus. Betydeleg dugnadsinnsats. Arbeider med leikeplass. Vekselbruk mellom Randøy idrettslag og Randøy vel.

**Årdal:** God økonomi. Arbeider med etablering av diskgolfbane. Busskur ved bedehuset. Påbygg ved gapahuken. Hallovenn. St Hans, Julagraut. Stort velkomstarrangement til Karen med fleire hundre og sending på NRK TV. Problem med sørpe på deler av Prestavegen langs Riskedalsvatnet.

**Vormedalen:** Sosialt grendalag! Me set stort pris på grendahuset vårt i Vormedalen. Arbeider med leikeplass. Skal bytte ut fotballmål. Ulike arrangement: Basar, St Hans, Påske, Trening. 40 personar møtte på sist dugnad! Får god støtte frå Tytlandsvik Aqua.

**Fister:** Svein Petter Sandvik har gjort ein stor frivillig innsats i forhold til dagsturhytta. No skal Martha Tysdal overta etter Svein Petter. Bjørn Solberg er blitt ny styreleiar for Fister Bygdaråd. Hetlandsbygda og Nessa bygdaråd er lagt ned. Fister bygdaråd dekkjer også dette området, Fister krins inneheld både Hetlandsbygda og Nessa. Bygdarådet har sendt inn fleire innspel til kommunen blant anna på struktursaka, kommuneplanen og ynskje om forskrift for husdyrhald i byggefelt. Ulike arrangement: TV aksjonen, St Hans. Stor dugnadsinnsats når det gjeld rydding langs vegane i heile krinsen! Bygdarådet arbeider med å setje opp ein gapahuk ved Kjelavik bade plass.

#### **4 Innmeldte saker: Årdal Bygdaråd hadde meldt inn to saker til møtet:**

**Badeplassen ved Riskedalsvatnet.** Me saknar at kommunen handterer søppelet her og plenklipping gjennom sommarsesongen. **Svar:** Graset blir klyppa ein gong i veka då blir også søppel henta. I travle perioder kan det vere sjeldnare.

#### **Asfaltering av Mælebrauta og Mælevegen**

Asfalten på dette strekket treng utbetring. Me er særskilt bekymra for bakken i Mælebrauta. Me set pris på at kommunen allereie har gjort nokre forbetringar, men meiner at det trengs ytterlegare forbetringar av vegen. **Svar:** Ingen konkrete planar om utbetring. Mindre utbetring blir vurdert. Det blir arbeida med ein større plan om vedlikehald av kommunale vegar. Fleire stader treng utbetring.

#### **Andre saker som kom opp i møtet:**

Svært dårlege varslingsrutiner på vegarbeid på fylkeskommunale vegar, dette gjeld Fossanetunellen og ny gang og sykkelveg i Årdal.

**5 Neste kontaktmøte** blir i Årdal i månadskipte april/ mai 2026. Åsmund Sigmundstad sender ut innkalling til alle bygdaråda.

#### **Deltakarar på møtet den 7.5.2025:**

Årdal bygdaråd: Per Mæhle og Jon Ivar Nesset

Hjelmeland bygdaråd: Christian Dalaker

Fister bygdaråd: Bjørn Solberg

Randøy Vel: Ola Grønvik Randa

Vormedalen grendeutval: Silje Lie, Susanne Skildheim, Johannes Laugaland

Jøsneset bygdaråd: Svanhild Hjorteland Gbada, Oddvar Skiftun

Jøsenfjorden fritids- og bygdaråd: Forfall

Hjelmeland kommune: Anita Husøy Riskedal, Janne Johnsen, Jone Fuglesten, Magnar

Riveland, Åsmund Sigmundstad

*Referent Åsmund Sigmundstad*